

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 21.05.2012
 Frå: **Administrerende direktør**
 Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 25.04.12 – 20.05.2012**

Administrerende direktør si orientering pkt 3

Styresak 057/12 O

Styremøte 06.06. 2012

Oversikt over aktuelle nye lover i perioden 25.04.12 – 20.05.2012

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov om endringar i helsepersonellova og spesialist-helsetenestelova	04.05.12	4. mai 2012 blei endringar i reglane om pliktmessig avhold for helsepersonell sett i kraft. I helsepersonellova § 8 er det gjort endringar for å tydeleggjere det generelle forbodet mot å vere rusa i arbeidstida. Tidlegare har forbodet vore retta mot inntak av alkohol eller andre rusmiddel i arbeidstida. Forbodet er utvida slik at det også tydeleg rammer helsepersonell som er påverka av rusmiddel i arbeidstida. Med heimel i § 8 tredje ledd er det også fastsett ny forskrift om pliktmessig avhold for helsepersonell.

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 25.04.12 -20.05.2012

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om pliktmessig avhold for helsepersonell	08.05.12	Etter ny regulering kan helsepersonell bli pålagt å gi rusprøve også ved mistanke om at rusmiddel er innteke før arbeidstida startar. Helsepersonell kan også bli framstilt for rusprøve ved hjelp av politiet dersom de nekter å gi prøve. Ved forskrifta blir det innført eit forbod mot å innta alkohol eller andre rusmiddel 8 timer før arbeidstida starter.
Ikraftsetting av lov 11. mai 2012 nr 25 om endringar i lov om offentlege anskaffingar mv	11.05.12	Kongen i statsråd har bestemt at nye handhevsreglar om offentlege anskaffingar skal gjelde frå 1. juli 2012. Dei nye reglane inneber mellom anna at domstolen skal kunne annullere kontraktar som er inngått i strid med

		anskaffingsregleverket, og at kompetansen til å gi gebyr blir flytta frå KOFA til domstolane. KOFA blir igjen eit reint rådgivande organ.
--	--	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden
25.04.12 – 20.05.2012**

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Ingen nye saker i perioden.		